



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Sølsnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
01.10.2015
Dykkar dato
09.07.2015

Vår referanse
2008/2166 - 561
Dykkar referanse
200802279

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til planendringssøknad for Vigdøla kraftverk i Luster kommune

Vi viser til oversendinga datert 9.7.2015 med søknad om planendring for Vigdøla kraftverk, og til vår tidlegare høyringsfråsegn datert 31.10.2011.

Statkraft AS foreslår eit redusert utbyggingsalternativ samanlikna med forslaget i NVEs innstilling til konsesjon med vilkår. Det nye alternativet vil redusere slukeevna frå 3,2 til 1,7 m³/s, og forventa årsproduksjon vil verte redusert frå 47 til 35 GWh. Minstevassføringa for vår og haust vil verte redusert frå 0,54 m³/s (NVEs innstilling) til 0,3 m³/s (det same som opphavleg søknad), medan restvassføringa ved samlaupet med Jostedøla vil auke frå 0,9 til 1,17 m³/s.

I fråsegna vår til konsesjonssøknaden rådde vi frå utbygging av Vigdøla. Vi meinte at ei utbygging vil påverke landskapsopplevinga i eit viktig friluftsområde og naturmiljøet, inkludert anadrom fisk. Vi la også vekt på at Luster kommune hadde rådd frå at det skulle gjevast konsesjon.

Den reduserte slukeevna i planendringa vil gje høgare restvassføring i periodar med høg avrenning. Dette vil gjelde i delar av sommarperioden, men vi registrerer også at vassføringa kan verte lågare i periodar om våren og hausten som er viktige for friluftslivet.

Konsekvensane for allmenne interesser av ei ny utbygging må også summerast med effekten av at 37% av nedslagsfeltet til Vigdøla allereie vert nytta til kraftproduksjon. Etter vår vurdering vil planendringa dempe konfliktane noko, men ei utbygging vil framleis ha monalege negative konsekvensar for landskap og friluftsliv spesielt, og truleg også for naturmiljøet. Førleslegne minstevassføringsnivå er ikkje tilstrekkeleg til å avbøte ulempene for dei allmenne interessene.

Fylkesmannen har registrert at det er stor lokal motstand mot denne utbygginga, og at Luster kommune rår frå at det vert gjeve konsesjon også etter planendingsforslaget.

På bakgrunn av konsekvensane for landskap, friluftsliv og naturmiljø vil vi framleis rå frå at det vert gjeve konsesjon til ei utbygging av Vigdøla. At lokalmiljøet og kommunen går imot ei utbygging også etter dei nye planane må vektleggjast i konsesjonsvurderinga.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Sølsnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Kopi: Luster kommune